



## SAKSFRAMLEGG

Utval	Møtedato	Utvallsak
Plan- og miljøutvalet	21.06.2023	72/23
Kommunestyret	22.06.2023	87/23

## Klimarekneskap for kommunens drift 2022

### Vedlegg

- 1 Klimarekneskap Vinje kommune 2022

### Dokument i saka

- Klimarekneskap 2019, vedteke i kst 18.06.20, sak 20/53
- Klimarekneskap 2020, vedteke i kst 15.09.21, sak 21/67
- Klimarekneskap 2021, vedteke i kst 12.05.22, sak 37/22
- KDP for klima og berekraft, vedteke i kst 15.04.21, sak 21/26

### Bakgrunn

Kommunen har årleg ført klimarekneskap for kommunens drift sidan 2019. Dette er i tråd med målsetjing 7 i KDP for klima og berekraft vedteke 15.04.21, sak 21/26. Administrasjonen er ein del av Klima og energi nettverket i regi av fylkeskommunen – og har der forplikta kommunen til å årleg rapportere klimarekneskap for eigen verksemd.

### Vurdering

Miljødirektoratet sin utsleppstatistikk er frå 2021, og syner utsleppet i kommunens geografiske utstrekning fordela på ni sektorar. For å rekne ut klimagassutslepp for kommunens drift må ein manuelt henta inn forbrukstal i kWh frå Rauland kraft og Vest-Telemark kraftlag, mengde restavfall i kg frå Renovest og Norsk Gjenvinning, drivstoff-forbruk frå Leaseplan Norge, AutoLease, Circle K, Esso og Yx. Vidare er det henta inn tal på km som er køyrd på driftskontraktar på brøyting og strøyning, og drivstofforbruk i høve tenestereiser.

I 2022 var det totale utsleppet for kommunens drift 504,5 tonn CO<sub>2</sub>, ei auke på 1,2 % frå 2021. For å redusere det samla klimafotavtrykket til kommunen dersom me skal nå det regionale målet innan 2030 er det er heilt naudsynt å raskt setje i verk klimatiltak og følgje dei opp.

Natur/arealrekneskap som syner omdisponering av karbonrike areal er eit viktig element i utsleppstatistikken. Ein slik oversikt bør førast årleg for vedtekne reguleringsplanar for å

synleggjere effektane av planlagt omdisponering av karbonrik natur. Det er enorme mengder CO<sub>2</sub> som er lagra rundt om i norske økosystem - omdisponering av slike areal er ikkje i tråd med nasjonal og regional målsetjing om reduksjon av CO<sub>2</sub>-utslepp. Eit større natur/arealrekneskap bør også førast ved rullering av arealdelen, samt for satsingsområde og kommunedelplanar.

Det er ført arealrekneskap for to vedtekne reguleringsplanar i 2022, med eit planlagt samla utslepp på 2845,8 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar – over 5 gonger så høgt utslepp som heile kommunens drift. Dette utsleppet er ikkje inkludert i sjølve klimarekneskapet, men omtala i klimarekneskapet.

Det er og lagt inn eit veldig grovt overslag på mengda av innkjøp frå vesentlege leverandørar som har eit sertifisert miljøeiingssystem, og det kom på ca. 64 %. Det er ikkje rekna ut utslepp for dette.

### **Rådmannens framlegg til vedtak**

Klimarekneskapet for kommunen si drift 2022 blir tatt til orientering.

### **Plan- og miljøutvalet si handsaming av sak 72/2023 i møtet den 21.06.2023**

#### **Røysting**

Rådmannens framlegg blei samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Klimarekneskapet for kommunen si drift 2022 blir tatt til orientering.

Saksordførar: Nils Johan Svalastog Garnes

---

### **Kommunestyret si handsaming av sak 87/2023 i møtet den 22.06.2023**

#### **Røysting**

Plan- og miljøutvalets framlegg blei samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Klimarekneskapet for kommunen si drift 2022 blir tatt til orientering.

---

Saksframlegg er godkjent av plan- og økonomisjef, Gry Åsne Aksvik 11.06.2023.

